



LUFTFARTSTILSYNET  
Postboks 243  
8001 BODØ

Dykkar ref.:  
23/07507-1

Vår ref.:  
23/00430-2

Saksbehandlar:  
Ragnhild Småsund

Dato:  
07.06.2023

## Søknad om fornying av konsesjon for Aukra flyplass, Gossen

Aukra kommune viser til dykkar brev datert 29.03.2023, med varsel om utløp av konsesjon for Aukra flyplass, Gossen. Aukra kommune søker med dette om fornya konsesjon for vidare drift av Aukra flyplass, Gossen, i samsvar med FOR 2007-01-11 nr 40: «Forskrift om konsesjon for landingsplasser» (BSL 1-1).

Aukra kommune fekk godkjenning av Aukra flyplass, Gossen den 28.09.1998. Gjeldande konsesjon går ut 10. mars 2024.

Innhald i søknaden, jamfør, FOR 2007-01-11 nr 40: «Forskrift om konsesjon for landingsplasser» (BSL 1-1), § 14:

a)

Søker: Aukra kommune  
Adresse: Nyjordvegen 12, 6480 Aukra  
Telefon: 71171500

b) Trafikk i dag:

Småfly (C172), start / landing: 4/ veke gjennom året, med eit høgare snitt sommar enn vinter.  
Sportsfly, start/landing: 2/ veke gjennom året, med eit høgare snitt sommar enn vinter  
Helikopter, sjeldan, 2 – 3 / år.

c) Oppdatert status for området sin plansituasjon:

Kommuneplanen sin arealdel viser området som LNRF (landbruks, natur- og friluftsmål samt reindrift), og omsynssone landbruk. Denne arealkategorien vart vald ut frå at flystripa er lite i bruk og områda rundt, grensande til flystripa er jordbruksareal, leigd ut til grasproduksjon og kornproduksjon. Flyplassen blir i hovudsak brukt til fritidsflyging (hobby). Flyplassen kan vere viktig i beredskapssamanheng (sjuketransport), dersom ambulansebåt / ferje ikkje går. Ormen Lange landanlegg ligg nokre kilometer unna. Flyplassen har ingen status i samband med anlegget, men kan tenkjast å spele ei rolle i ein tenkt beredskapssituasjon. Området er ikkje regulert.

Sjå også kommunen sine elektroniske kart på nett: <https://kommunekart.com/klient/romsdalskart>

---

**Postadresse:**

**E-post:**

post@aukra.kommune.no

**Besøksadresse:**

www.aukra.kommune.no

**Telefon:**

+47 71171500

**Org.nr.:**

964981337

d) Konsekvens- og miljøutredning m.m. som ikkje føreligg frå før eller dersom forutsetningane er vesentleg endra sidan førre konsesjon vart gitt:

Det er ikkje vesentlege endringar som tilseier at det skal vere aktuelt å legge fram ny konsekvensutgreiing og/eller miljøutredning.

e) Oppdaterte kart, sjå vedlegg.

Med helsing

Ragnhild Småsund  
Plan- og miljørådgjevar

Gerd Nerbø  
Teknisk sjef  
Geir Janos Göncz  
Kommunalsjef plan og utvikling

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

Vedlegg:  
Aukra flyplass  
gnr. 8 bnr. 35 flyfoto